

Bømlo kommune
Leirdalen 1
5430 Bremnes

Dato	17.10.2025
Vår referanse	2023/81261-15
Dykkar referanse	2022/3822
Sakshandsamar	Cathrine Grasdal
E-post	Cathrine.Gunn.Grasdal@vlfk.no
Telefon	

Fråsegn til høyring av detaljregulering - konsentrert bustad - gnr. 58 bnr. 1 - Langevåg - planID 202205 - Bømlo kommune

Vi viser til brev datert 05.09.2025 om høyring av forslag til detaljregulering for Langevåg. Hovudføremålet med reguleringa er konsentrert bustadbygging, leilegheitsbygg med tilkomst, parkering og uteopphaldsareal. Føremålet er delvis i samsvar med kommuneplan, der området er sett av til naustføremål, trafikkareal, ein mindre del til friområde og bustad, køyreveg og anna veggrunn.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vår fråsegn til oppstartmeldinga dagsett 08.12.2023. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre:
www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planretteiing.

Vurdering

Automatisk freda kulturminne

Ut frå våre arkiv har vi ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne i det aktuelle planområdet. Det høvesvis vesle arealet som ikkje er nedbygd består av mykje skrinne berggrunn, og blir vurdert til ikkje å ha høgt potensiale for funn av bevarte kontekstar med uregistrerte kulturminne i marka.

Saka har også blitt vurdert av Bergens Sjøfartsmuseum. I høve brev datert 25.10.2023, kjenner dei ikkje til marine kulturminne som kan bli råka av reguleringa.

Regional kulturmiljøstyresmakt i Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader til planen utover å gjere tiltakshavar merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne (til dømes gjenstandsfunn, bitar av flint/grønstein/rhyolitt, flekkar med trekol, bergkunst/skålgroper eller konstruksjonar) blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast på funnstaden til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil bli utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn. Meldeplikta gjeld også dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
Fagansvarleg kommunal plan
NPI – Plan, klima og analyse

Cathrine Grasdal
seniorrådgjevar
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi mottakarliste

Statsforvaltaren i Vestland Statens hus - Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER

Intern sakshandsamarliste

Tore Slinning KFO - Arealplan